

# Hafslo barne- og ungdomsskule



## **Skulen sin visjon: Me står saman for ein trygg oppvekst i eit aktivt og inkluderande læringsmiljø**

*Me jobbar etter PALS-modellen der stikkorda ansvar, omsorg og respekt er viktige verdiar. HBUS er oppteken av fysisk aktivitet og har lang tradisjon med å nytte den flotte naturen skulen har lett tilgjenge til. Å høyre til og vere ein del av fellesskapet, skapar tryggleik for elevane. Ved skulestart i august skal alle elevar forplikte seg til å medverke aktivt til at mobbing ikkje skjer på skulen. Elevane skriv under på eit manifest og plakaten skal henge synleg i klasserommet.*

*Skulen vår er ein lærande organisasjon, der me er praksiskule og lærarutdanningskule for Høgskulen på Vestlandet. Skuleåret 2020/21 har me hatt 50 studentar frå grunnskulelærarutdanninga som gjennomførte skuleovertaking to veker i februar, i tillegg til to veker ordinær praksis. Alle pedagogane hjå oss har vore praksislærarar og fått øvd seg i å vere rettleiarar.*

*Viktige satsingsområde for skulen er å jobbe med inkluderande læringsmiljø og variert undervisning. Me satsar på tverrfagleg læring, aldersblanda grupper og læringspartnarar. Me vil bygge sjølvstendigheit og sjølvtilitt, og legge til rette for problemløysing, bruk av nærmiljøet og samarbeid med eksterne aktørar. Me skal vera gode på estetiske og praktiske arbeidsformer. Me har ein bevisst, planlagt og kreativ bruk av teknologi.*

### **Tal elevar og klassar 2020/21**

219 elevar og 11 klassar

1.-4. trinn: 76 elevar      5.-7. trinn: 62 elevar      8.-10. trinn: 81 elevar

### **Tal stillingar 2020/21**

27,5 årsverk pedagog, 3,2 årsverk assistent/miljørettleiar

### **Vidareutdanning 2020/21**

Kompetanse for kvalitet(Udir) 3 pedagogar: lærarspesialist i kunst- og handverk, matematikk, rektorutdanning

HVL: rettleiingsutdanning, master matematikk, master norsk, Krle

### **Fagfornyinga**

- Dragon Box – matematikkverk for småskuletrinnet, med utforsking, fokus på tallforståing, gode reknestrategiar, mattesamtale og riktig bruk av digitale verktøy.
- Tema-undervisning på tvers av fag på alle trinn.

### **Praksisforteljing**

Våren 2021 har 4.års lærarstudentar fra Høgskulen på Vestlandet Campus Sogndal hatt skuleovertaking på Hafslo barne og ungdomsskule, det vil seie at studentane "tar over"

skulen i ein periode. Dette gjer dei som ein del av utdanninga og for verkeleg få "kjenna" på det å vera lærar. Studentane har, i god dialog med lærarane og administrasjonen, som har vore på heimekontor, hatt ansvar for omtrent alt som skjer på skulen desse vekene. Studentane sjølv seier at: "Det er så mykje som skjer utanfor klasserommet, og det faglege fokuset er ofte det enklaste å halda styr på. Relasjonen og samhaldet mellom elevar, og mellom elevar og lærarar er det som tek mest tid, og er kanskje den viktigaste jobben ein gjer". Læreryrket er komplekst og det er først i praksis ein får innblikk i alt det inneber. Difor er dette ei nyttig erfaring som det er utruleg viktig å ta med seg vidare i framtidig yrkespraksis.



*Uteskule er ein viktig del av kvardagen til HBUS*



*Studentadministrasjonen*

Studentane vart kasta inn i ein kvardag med korona-tilpassingar og arbeid med fagfornyinga (LK20). Som lærarutdanningskule er det viktig for oss at praksisperioden gir eit godt innblikk i korleis endringar i skule går føre seg. Dei vart utfordra på tema-undervisning, programmering i fleire fag og intensiv opplæring for dei yngste elevane. Ei skuleovertaking er både spanande og utfordrande for elevane på skulen. Studentane har forståing for at dette kan opplevast noko utrygt for nokre elevar. Likevel har me fått fleire positive tilbakemeldingar frå elevar som seier at dei har opplevd perioden som spanande, lærerik og at undervisninga har vore meir variert enn tidlegare. Variasjon, elevmedverknad og smidige tilpassingar er sentrale stikkord for å driva skule etter fagfornyinga. Dette er det viktig at studentane får trene på. I tillegg er det positivt at lærarane ved skulen får tid saman med sine studentar for å veksle tankar og erfaringar. Læringa går begge veger i ein praksisperiode.



*Bruk av spel til lese- og engelsk undervisning*



*Programmering i Scratch kan brukast i alle fag*



*Svampebob - kreative produkt i kunst og handverk*

